



ÅRSMØTE I SYVDE IDRETTSLAG

Onsdag 6. februar 2019 kl 19.30

Sakliste

1: Godkjenne dei som har stemmerett

2: Godkjenne innkalling og sakliste

3: Velje sekretær, møteleiar og to til å skrive under møteboka

4: Årsmeldingar

5: Rekneskap

6: Medlemskontingent

7: Organisasjonsplan

8: Val

Årsmelding Syvde Idrettslag 2018

Styret har vore samensett slik:

- leiar Atle Midtbø
- styremedlem Aud Oddveig Nygård
- kasserar Merete Vatne
- sekretær Karoline Lundås
- styremedlem Robert Midtbø

Varamedlemar:

- Eivind Lars Øvregård
- Terje Eikrem

Revisorar har vore Geir Nordal og Steinar Nordal.

Valnemda har vorte leia av Kurt Torvanger i lag med Magne Vik.

Styret har hatt 6 styremøte, og 1 evalueringsmøte etter Blåfjelden Rett Opp. Leiar har delteke på årsmøtet i Vanylven Idrettsråd.

Idrettslaget har hatt 153 medlemmar. Medlemskontingent har vorte sendt ut via epost til medlemane frå idrettenonline. I tillegg køyrde vi rundt med flygeblad i postkassene for å rekruttere nye.

Per dato har 49 personar valgt Syvde Idrettslag som mottakar til sin grasrotandel.

Idrettslaget arrangerte kurs i Hjartestarter men det vart avlyst p.g.a. manglande påmelding.

Det var også planlagt «Skredtur» rett før påske men denne vart også avlyst. Planen var å arr. ein topptur til Nordalsfjellet/ Sandfjelltua med innlagt skredsøk. Dette er ein ide vi bør prøve å få realisert i år.

På vårparten hadde vi familiebadning der 17 barn og unge deltok.

Som eit ledd i markedsføringa av Øverberg Skisenter vart det innkjøpt GPS til trakkemaskina og eit abonnement på skisporet.no. Med ein app på telefonen eller frå pc kan publikum til ei kvar tid ha full kontroll over når det sist vart køyrt løyper og kor stor del av løypenettet som er preparert. Veldig mange positive tilbakemeldingar på tiltaket, som vi fekk støtte til frå Vanylven Utvikling.

I august vart det sendt eit brev til Vanylven Kommune der vi bad om at det vart gjort noko med vegen til Øverberg, slik at den kan opplevast tryggare og sikrare å køyre. Manglande møteplasser og uoversiktelege svingar gjer at fleire kvir seg på å køyre opp på glatt føre. Vi har ikkje fått signal frå kommunen om dei vil sette av midlar eller ikkje. Vegen er utan tvil ein flaskehals for vidare utvikling av skisenteret.

Blåfjelden Rett Opp har vore styret si viktigaste oppgåve i året som gikk. Vi skulle markere 10 års jubileum 2.juni 2018 og vi hadde fleire gode idéer om korleis jubileumet skulle markerast. Det fyrste vi måtte ha, var vår egen logo. Vi leigde inn designerfirmaet Tegneren i Ulsteinvik som laga ein flott logo til Blåfjelden Rett Opp.



Det vart jobba ein del med headneckers og jubileums t- skjorter. Vi fekk produsert 500 headneckers, kvar deltakar både i mosjonsklasse og konkurranse fekk kvar sitt eksemplar ved start. Alle i konkurranseklassa som var førehandspåmelde, fekk mulegheita til å kjøpe ei jubileumstskjorte med Blåfjelden- logo og medlemar kunne også få påtrykt logoen til Syvde IL.

Det har lenge vore ein draum å klare å samle langrennsgutta som tok stafettgull under OL i Salt- Lake City 2002. Det ville vere ein fin måte å markere 10- års jubileumet på. Det vart ein del telefonar og epostar for å klare å få kontakt, og når vi tilslutt fekk presentert ideen vår var alle positive til forslaget. Veka før løpet meldte dessverre Anders Aukland avbud. Han var verfast på Grønland under eit verdensrekordforsøk. Men Thomas Alsgaard, Frode Estil og Kristen Skjeldal fekk ei hyggelig helg i Kosterikjet med folkeliv på Blåfjelden og mykje god mimring. Dei hadde ikkje vore samla sidan 2002 og takka oss for initiativet.

Det vart gjort eit godt arbeid på sponsorsida, med tre årige avtalar, noko som seinare vil vere arbeidsbesparande for sponsoransvarleg. Som ein gest til desse sponsorane vart det laga ein sponsorvegg på målteltet på Blåfjelden.

Det vart ein fantastisk sommardag på Blåfjelden. Om morgonen låg skodda tjukk inn fjorden men på drikkestasjon 1 skein sola. Skodda letta etterkvart og alt låg til rette for nye rekordar. Og rekord vart det. Thorbjørn Ludvigsen besøkte oss andre året på rad og sette ny løyperekord på utrullege 35:48. I kvinneklassa vann svenske Johanna Åstrøm på 44:59. Det var også ny rekord i antal deltakarar i konkurranseklassa med 83 stk. Det er veldig inspirerende å sjå at løperar kjem tilbake til Blåfjelden år etter år, og at toppløperar som konkurrerer i inn og utland finn vegen til Blåfjelden.

Tittelen «Beste kost», d.v.s. beste kvinnelige og mannlige utøvar som opphavelig stammar frå Kosterikjet vart også i år Iren Nordal og Karl Idar Vik. Lagkonkurransen er veldig populær med 7 herre

lag, og 2 kvinnelag. Herrelaget som stakk av med sigeren var Røverane og uteTRENing med puls var beste kvinnelag. Det var ny rekord med deltakarar som representerte Syvde Idrettslag, 15 stk der av 4 kvinner og 11 menn.

Under premieutdelinga deltok sjølvsgatt Team Salt Lake 2002 og delte ut heder og ære til alle vinnerane. Ordførar Lena entra overraskande scena og delte ut heder og blomster til arrangementleiar. Det var eit stort øyeblikk då premieutdelinga vart avslutta med ståande applaus.



Klassevinnerane kvinner omkransa av Team Salt Lake 2002.

Under forberedelsane til Blåfjell Retts Opp 2019 har styret sett på mulegheter til å forenkle alt frå påmelding til resultatservice. Vi har kome fram til at elektronisk tidtakersystem frå EQ timing er det beste. Valget står mellom å eige eller leige. Styret arbeider no med å få til eit samarbeid med Stadlandet Retts Vest, og i skrivande stund har styret og Stadlandet gjort vedtak om å spleise på tidtakeraystem frå EQ timing.

Fjelltrimmen: Vi har notert 4195 registreringar i 2018. 17 personar har besøkt alle postane ein eller fleire gongar, som er ein nedgang frå 24 året før. Årets Fjellgeit vart Sølvi Midtbø (6) og Årets Fjellbukk vart Terje Eikrem. Mellom dei yngste fjellvandarane hadde Anna Kristin Øvregård Thue (5), Linnea Ekremsæter Eikrem (4) og William Eikrem Nordmark flest poeng. John Nordal vann hotellweekend sponsa av COOP. Styret organiserte bytting og teljing av bøkene.



John, Terje, Sølvi, Linnea og Anna Kristin. William var ikkje tilstades.

Det er veldig tidkrevande å telje registreringane i bøkene og styret har i haust prøvd ut **GEOREG**, eit registreringssystem der den enkelte registrerer seg via ein app på mobiltelefon. Systemet er allereide godt utprøvd og vert brukt av både Åheim og Fiskå IL. Styret ynskjer at flest muleg gjer seg kjend med bruken fram til 1.oktober 2019, då styret vil innføre **GEOREG**.

Styret har også gjordt vedtak om å flytte trimposten frå Skåranipa til Vikehornet frå 1.oktober 2019.

Med Sykkel på Røfsdalen: Under årsmøtet i 2014 vart det vedteke å bygge ein turveg\ sykkelveg i fortsettelsen av skogsvegen langs Sætrevatnet. Det vart vald ei nemd som skulle arbeide fram eit resultat, men nemda avslutta arbeidet sitt etter ei tid. Det vart ikkje valgt andre til å arbeide med prosjektet so ansvaret låg hos styret. Leiar har arbeid med prosjektet i ny og ne. I desember 2018 vart den idrettsfunksjonelle søknaden godkjend, og i januar vart det søkt om tippemidlar til prosjektet.

Sykkelmøte: Interesse for sykkel er god i Syvde Idrettslag, det ser vi på deltaking i bl.a. Birkebeinerrikket og Nibberrikket. På dette grunnlaget kalla styret inn til eit sykkelmøte, 3. oktober på kantina samfunnshuset. 15 stk møtte. Vi diskuterte: Skal vi prøve å etablere ei sykkelgruppe med litt strukturert trening? Prøve å rekruttere fleire syklistar? Danne ei sykkelgruppe med kontingent i sykkelforbundet med gode forsikringar både under ritt og trening? Eidså grendalag har fristilt Hovda Rundt som vi har fått arva. Er dette eit arrangement som vi vil ta på oss å arrangere i framtida? Dette må arbeidast vidare med i ei evt. Sykkelnemd i laget. Som eit positivt resultat av møtet vart det starta opp ei ny trimgruppe: **Mandagstrimmen** der intervalltrening på skogsvegar- Sætreveg har vorte veldig populært. Sigurd Nordal Eikrem er ansvarleg og i 2018 har det vore 11 treningar med deltakarantal 6-18 stk.

Styret har ikkje full oversikt over kven av våre medlemar som har representert idrettslaget på ulike idrettsarrangement i løpet av året, men vi veit at det har vore deltaking i bl.a. Birkebeinerrikket og

Nibberittet og ikkje minst Blåfjelden Rett Opp. Her var det mange gode prestasjonar og i år har vi teke med bilete av dei tre som vart Årets Birkebeiner! Vi gratulerer!



Oddveig Nordal, Kåre Nygård og Aud Oddveig Nygård med beviset på at dei er Årets Birkebeiner.

Styret til slutt takke for innsatsen til dei som har delteke i styret og nemder og som no takkar for seg!
Tusen takk til all dokke som støttar idrettslaget med sponsormidlar, og TUSEN TAKK til alle dokke som bruker noko av fritida på å skape trivsel i bygda vår!

For styret: Atle Midtbø- leiar

Årsmelding Øverberg skisenter :



Driftsstyret har i 2018 bestått av:

-Arild Midtbø – leiar

-Kåre Lade

-Andre Sandnes

-Bjørn Skår

-Rolf Åge SørDAL

Vinteren 2018 vart snørik og vi fekk ein lang og fin skisesong. Første turen med trakkemaskin vart køyrd 7.november 2017 og vi hadde tilsammen 29 turar. Nokre berre til Vassdalsbu men mange heile runda, inklusive Huldreløypa og ned til Heimesætra på Åheim.

Full runde tar minst 4 timar, så dugnadstimane vart mange. Siste turen vart kjørt 30.mars.

Ellers har det vore vedlikehald av trakkemaskina med ettersyn av olje, smøring, av og på med skjær og fres for å få maskina i garasjen og lading av batteri sommarstid.

Det vart ikkje gått over løypenettet sist sommar med nye stikker, men både det og fjerning av småkratt i traseen bør gjerast i komande sesong. Spesielt må det fjernast småkratt oppover mot Vassdalsbu og heilie vegen innover mot Ladebakken.

Det vart i løpet av sesongen dessverre aldri nok snø til å køyre skitrekket.

Facebook har vore nytta til å legge ut info om løypekøying.

På tampen av sesongen vart vi også online med Skisporet.no som gir oppdatert informasjon om når det sist var kjørt løyper.

Arild Midtbø

-leiar-

Årsmelding Turgruppa:



Ein gjeng samla på Rota under Øverberggronda 2018.

Turgruppa har vore leia av SvenTore Sørдал, Eivind Breiteig og Kåre Nygård.

Vart ikkje så mykje aktivitet som forventet dette året, men legg merke til at folk generelt er flinke til å bruke nærområdet til større og mindre utflukter.

Øverberggrunda 2018 var gjennomført. Det var gjort ein kjempe innsats frå dei som var med å arrangerte, det vart ein suksess som ein må prøve å halde fram med.

Litt oppsummering frå denne dagen:
Lite/ingen spørsmål om ruta.

Folk som ikkje hadde kontantar betalte med Vips, fekk dei ikkje dekning i varmestova gjekk dei ut på parkeringsplassen.

Alle som skulle ha premie kom inn og fekk den.

2 deltakarar kom inn og meddelte at dei ikkje hadde fullført, dei mottok ikkje premie.

Kontrollen mot lista som vi fekk frå Rota viste at ytterlegare åtte fyrste-års deltakar ikkje hadde vore dit, men då hadde desse allereide mottoke premien. Dette var tre familiegrupper som alle hadde mindre barn med.

Vi må nok finne ut kva vi skal gjere med praksisen her til 2019?

Godt ver gjorde at det til tider var lite folk inne i varmistova, men trur open kiosk må vi holde fast ved ein slik dag.

Vi har veldig rikeleg med tre-års premie, mykje 5 års-premie, men berre 29 eit års premiar at (Så dette må bestillast).

Alt i alt var dette ein kjempeflott dag med god innsats frå alle som deltok.

Når det gjeld turåret 2019 har vi ikkje lagt så mange planar endå. Her må det vel til eit årsmøte. Veit Eivind gjerne har lyst å få til Skårafjella som ein tur. Vonar at vi kan komme med meir info kring dette etter årsmøte.

Sven Tore SørDAL.

Årsmelding uteTREning med puls



UteTREningsgruppa har også i 2018 (4) hatt jamn aktivitet gjennom heile året. Det har vore trening 46 av 52 veker, så det er treningsvillige damer 😊. Treningsgruppa er stabil, vi er 6-8 damer frå Syvde og Fiskå, men vi skulle gjerne hatt med fleire!

Treninga er som før tirsdag kl 19-20 -oftast på området rundt Myklebust skule, men vi tek også i bruk fjellvegane våre. Instruktørar har vore Aud, Sara og Siv. Treningsopplegget er også som før med styrke- og kondisjonstrening. Vi har ofte tidsstyrt aktivitet/kvile, for å få høgare puls og best mulig

effekt av treninga. Vi tek alltid bilde etter kvar trening, og deler dette på FB-gruppa vår. Det har etter kvart vorte eit fint «album», med mange gode treningsminner.

I år deltok uteTRENingsgruppa i konkurranseklassa i motbakkeløpet Blåfelden Rett Opp. Det var Aud Oddveig Nygård, Sølvi Midtbø og Sofie Vik som representerte gruppa, og som sprang på fine tider. Aud og Sølvi vart vinnarar i sine aldersklasser for kvinner.

For uteTRENingsgruppa - Siv Vik –

Årsmelding Herretrim



Treningsdag er onsdag kl 19.30- 20.30, gymsalen på Myklebust skule. Vi trenar styrke – kondis og stabiliseringsmuskulatur. Vi har hatt 21 treningar, oppmøte er litt varierende frå 3 til 6-7 personar. Vi prøver heile tida å rekruttere fleire og denne sesongen har vi fått med to nye som vi kan herje med.

-Atle-

SYVDE IDRETTSLAG 2018- 2019 Årsmøte 6. februar 2019

(Dei som er merka raudt er på val, blå er ikkje tilgjengelig lenger)

STYRET			
Leiar	Atle Midtbø	97114208	syvding@online.no
Styremedlem	Merete Vatne	40639987	merete_vatne@hotmail.com
Styremedlem	Karoline Lundås	90870942	karoline.lundaas@outlook.com
Reist militære	Robert Midtbø	90020139	robert.midtbo@hotmail.com
Styremedlem	Aud Oddveig Nygård	97101208	audnygaard@gmail.com
Vara 1	Eivind Lars Øvregård	95144022	eivindlars@yahoo.no
Vara 2	Terje Eikrem	99558968	terjeeikrem@outlook.com
DRIFTSSTYRE ØVERBERG SKISENTER			
Leiar	Arild Midtbø	95021400	arild.midtbo@hotmail.no
	Bjørn Skår	90866572	bjorn.skaar@mimer.no
	Rolf Åge Sørdal	90798345	rolfage85@yahoo.no
	Andre Sandnes	99223091	andre.sandnes@gmail.com
	Kåre Lade	91738730	ladekare@gmail.com
TURGRUPPE			
Leiar	Sven Tore Sørdal	90990298	sordall@hotmail.com
	Eivind Breiteig	91852799	eivbreit@hotmail.com
	Kåre Nygård	47275126	kaarenyg@gmail.com
VALNEMD			
Leiar	Kurt Jarle Torvanger	97609464	kurttorvanger@hotmail.com
Har flytta	Øyvind Eikrem	91872036	oyvindeikrem@hotmail.com
	Magne Vik	97147096	magne69vik@gmail.com
REVISOR			
	Steinar Arne Nordal	41323069	san@tussa.com
	Geir Nordal	48246325	geir.helge@tussa.com
uteTRENING med puls			
	Aud Oddveig Nygård	97101208	audnygaard@gmail.com
	Sara Larsson	48259605	sara.larsson906@gmail.com
Ansvarleg	Siv N. Vik	91891815	siv.vik@comfort.as
HERRETRIM			
Ansvarleg	Atle Midtbø	97114208	syvding@online.no
	Sigurd Asklund	91595972	asklun@gmail.com
MANDAGSTRENING			
Ansvarleg	Sigurd N.Eikrem		
	?		
SYKKEL			
Forslag:	Steinar Arne Nordal		
	Oddbjørg Vik Nordal		

	John Nordal		
	Oddveig Nordal		
	Arild Midtbø		
	Evelyn Midtbø		
	Kåre Nygård		
	Aud Oddveig Nygård		
	Gunnar Eikrem		
	Terje Eikrem		
	Åse Nordal Eikrem		
	Sigurd N. Eikrem		
	Knut Brudevoll		

STYRET			
Leiar	Atle Midtbø	97114208	syvding@online.no
Styremedlem	Merete Vatne	40639987	merete_vatne@hotmail.com
Nestleiar	Karoline Lundås	90870942	karoline.lundaas@outlook.com
Styremedlem	Ole Jørgen Strand	97098940	
Styremedlem	Bjørn Erik Drage	48146988	
Vara 1	Monika Skår	45475538	
Vara 2	Eivind Lars Øvregård	95144022	eivindlars@yahoo.no
DRIFTSSTYRE ØVERBERG SKISENTER			
Leiar	Arild Midtbø	95021400	arild.midtbo@hotmail.no
	Bjørn Skår	90866572	bjorn.skaar@mimer.no
	Rolf Åge Sørдал	90798345	rolfage85@yahoo.no
	Andre Sandnes	99223091	andre.sandnes@gmail.com
	Kåre Lade	91738730	ladekare@gmail.com
TURGRUPPE			
Leiar	Kåre Moen	95024562	
	Eivind Breiteig	91852799	eivbreit@hotmail.com
	Kåre Nygård	47275126	kaarenyg@gmail.com
VALNEMD			
Leiar	Magne Vik	97147096	magne69vik@gmail.com
	Torfinn Arnesen	95995450	
	Kurt Jarle Torvanger	97609464	kurttorvanger@hotmail.com
REVISOR			
	Steinar Arne Nordal	41323069	san@tussa.com
	Geir Nordal	48246325	geir.helge@tussa.com
uteTRENING med puls			
	Sara Larsson	48259605	sara.larsson906@gmail.com

Ansvarleg	Siv N. Vik	91891815	siv.vik@comfort.as
HERRETRIM			
Ansvarleg	Atle Midtbø	97114208	syvding@online.no
	Sigurd Asklund	91595972	asklun@gmail.com
MANDAGSTRENING			
Ansvarleg	Sigurd N.Eikrem		
	?		
SYKKEL			
Forslag:	Steinar Arne Nordal		
	John Nordal		
	Oddveig Nordal		

Hei

Valnemnda har fått på plass dei viktigaste postane, men har møtt litt utfordringar med å fylle nokre av gruppene.

Kanskje lyt ein i framtida klare seg med færre grupper, for så å knytte til seg folk ved behov/happenings?

Mange seier nemlig dei kan tenke seg å hjelpe til, men ikkje å stå oppførte...

Vi har berre tre navn på den føreslegne sykkelgruppa, men vil prøve litt vidare før årsmøtet.

Årsmøtet må vidare ta oppgava å finne ein tredje person i Valnemnda, då vi er berre to, og det er Årsmøtet som skal sette sammen Valnemnd for å sikre ei breidast mogleg oppdekning av folk i bygda.

Mvh Valnemnda